

Årsmelding for Modalen Kvinne- og familielag 2022

Dette vart eit aktivt og spennande år!

Babyhuer til Malawi: Denne aktiviteten har me halde oppe, sjølv om me ikkje kunne møtast fysisk. På biblioteket står det alltid ein boks med babygarn, slik at dei som treng påfyll, kan henta seg meir garn der. Den 11. mars samlast 11 damer for å telja og pakka alt som har kome inn gjennom 2 lange corona-år. Kjøkenbordet i Kyrkjestova vart dekt av huer i stablar. Ein rask tippe-konkurranse: 550? -1030? Huene vart pakka i posar med 20 stk. i kvar. Spenninga steig: Kor mange skal me senda? -1037 vart deet! I tillegg vart det og samla inn ein del teppe, bodyar og sokkar. Alt er strikka av damer i området frå Stamnes i Vaksdal, via Eidslandet og Modalen til Romarheim i Alver kommune. Hukeland sjukehus sytte for trygg transport. Så hadde me ny innsamling den 2. juni. Då pakka me 126 huer i ein stor koffert. Den leverte me vidare til KF i Esingedalen. Den vart send til Zanzibar der dei og treng huer.

Aktivitetar: Me har hatt **10 strikkekafear** dette året. Ein torsdag mesta kvar månad. Den **29. september** inviterte me dei 2 første damene frå Ukraina til strikkekafe i Kyrkjestova. Dei kom, og praten gjekk på russisk, ukrainsk, engelsk og norsk. Simona Arnesen var med som tolk, og fekk læra seg makrame-knutar som takk for hjelpa. Både Oksana og Svetlana ville strikka med oss. Då dei fekk sjå artikkelen om oss og huestrikinga i Kyrkjegløtten, sa dei seg interesserte i å strikka babyhuer saman med oss. Oppskrift på norsk måtte skaffast og forklarast!

Annonsering av aktivitetar: Me brukar Facebook-hending, e-post, plakatar, sms og brev for å kommunisera med alle dei som vil på strikkekafe. Me har skaffa oss Vipps for enkel betaling av kaffilodd kr 20. Det er populært.

Matsservering: På Modalsdagane i juni serverte me **gratis frukost** i Flodmaal. Dette er eit samarbeid med Coop Modalen, som me i år kunne laga til att i nye lokale. Det vart ein suksess slik som før Coronaen! -I Kyrkjestova lagar 3 medlemmer **kvar onsdag varm mat** til ungar i skulealder: Konfirmantane, "Etter skuletid" for dei yngste og Kode B for dei litt eldre. I haust hadde me god bruk for fleire hender, då ein broten ankel måtte gipsast i lang tid. Påskeblomar til Modalstunet: Dette er ein fast tradisjon i samarbeid med soknerådet. Vanlegvis er det program med song, musikk og matøkt, og dette året kunne ein møtast og dela ut blomar som før.

Dugnad for dagsturhytta og for flyktningeborna: Me strikka tøfler/ leistar i ymse storleikar til bruk for turgåarar. Det vart levert ei stor korg med 29 par oppi. (Sjå foto) Me strikka ca 20 tova sitjeunderlag og deltok på opninga av dagsturhytta den 11. juni 2022.

Strikk til flyktningeborna: Syriske born har fått leistar og rosevottar. No treng ukrainske born varme leistar m.m. Me vil strikka ullplagg til dei som kjem hit til Modalen!

Lagsarbeid: Styret har brukt e-post, sms og telefon oss i mellom. Me har hatt årsmøte, 3 styremøte og 1 arbeidsmøte for å planleggja arbeidet og koma fram til gode løysingar.

Husmorposten med årsmøtepapira vart sende ut som vanleg Me selde **lodd for forbundet** sentralt som før.

Økonomi: Me søkte om 5 000 kr i kulturmidlar frå kommunen i 2022, men fekk berre 2 000. Laget vårt er registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund. Laget er medlem i **Modalen folkekakademi** og **støttat Amnesty International (AI)** med ein fast sum kvar månad. Appellenesta frå AI kjem som tekstmeldingar til leiar kvar veke.

Styret dette året: Leiar Signy vikane, kasserar Eva Otterstad og styremedlem Sigrun Dale.

Modalen 23. januar 2023. Signy Vikane

